
Fra: Turøy, Tor G. <fmhotgt@fylkesmannen.no>
Sendt: 19. april 2016 14:14
Til: Postmottak Meland
Emne: Vedrørende rekneskap for det statlege tilskotet til kommunal barnevernsteneste
Vedlegg: GetDoc.aspx.pdf

Til Meland kommune

Fylkesmannen viser til vårt brev datert 21. mai 2015, der Meland kommune vart innvilga statleg tilskot til vidareføring i 2015 av to permanente stillingar i barnevernstenesta. Fylkesmannen sette som vilkår at Meland kommune innan 1. februar 2016 sendte oss ein revisorattestert rekneskap for bruken av pengane.

Vi kan ikkje sjå at Fylkesmannen har fått revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotet for 2015, og vi vil difor minne om dette. Når vi har mottatt revisorattestert rekneskap vil vi kunne tildele tilsvarende tilskot for 2016.

Vi ber om snarleg tilbakemelding. Ver gild og merk tilbakemeldinga med vårt referansenummer 2015/3178.

Med venleg helsing

Tor G. Turøy

seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Helse- og sosialavdelinga

Telefon 55 57 22 22

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)